

# RAPPORT

## Perler i Nordsjøløypa Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet

Riksantikvaren er direktorat  
for kulturminneforvaltning  
og er faglig rådgiver for  
Miljøverndepartementet i  
utviklingen av den statlige  
kulturminnepolitikken.

Riksantikvaren har også  
ansvar for at den statlige  
kulturminnepolitikken  
blir gjennomført og har i  
denne sammenheng et  
overordnet faglig ansvar  
for fylkeskommunenes og  
Sametingets arbeid med  
kulturminner, kulturmiljøer og  
landskap.

Besøksadresse:

Dronningensgate 13, 0152 Oslo

Postadresse:

Postboks 8196 Dep. N-0034 Oslo

Telefon: (+47) 22 94 04 00

Telefaks: (+47) 22 94 04 04

[www.ra.no](http://www.ra.no) / [postmottak@ra.no](mailto:postmottak@ra.no)





Denne sluttrapporten er en av tolv sluttrapporter fra pilotprosjektene i Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Rapportene beskriver prosjektenes egne erfaringer og synspunkter. Riksantikvaren som programansvarlig, overleverer sin rapport til Miljøverndepartementet. I tillegg rapporterer forskningsinstitusjonene Nordlandsforskning og Telemarksforskning som har evaluert arbeidet i programmet.

Alle prosjektrapportene med vedlegg kan lastes ned på nettstedet [ra.no](http://ra.no) eller [verdiskaping.info](http://verdiskaping.info)

På nettstedet vil Riksantikvaren legge ut nyttig informasjon om hvordan kulturminner kan brukes som ressurser i samfunnsutviklingen. Aktuelle dokumenter, artikler, filmer fra alle prosjektene og lenker til videre lesing vil ligge på denne nettsiden.

#### Perler i Nordsjøløypa

Sluttrapport for regionen  
Fjell, Sund og Øygard

© Riksantikvaren 2011  
[www.ra.no](http://www.ra.no)

Det må ikke kopieres fra denne bok i strid med Åndsverksloven eller avtaler om kopiering med KOPINOR, interesseorgan for rettighetslavere til åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale kan medføre erstatningskrav og inndragning og kan straffes med bøter eller fengsel

Omslagsbilde: Marit Bendz  
Øvrige foto: Trygve Nipen, Hilde Kristin Egeland, Asbjørn Tofterå, Line Steinsland, Ole-Jacob Abraham, Margrethe Kallestad, Tone Boska, Gitte Sætre, Grethe Bergsvik og Siv Stølda.



Parajett er et  
Svanemerket  
trykkeri  
Lisens 341.630

## **Forord**

Denne rapporten er utarbeida som dokumentasjon og erfaringsoppsummering etter at PIN-prosjektet formelt vart avslutta ved årsskiftet 2010/2011.

Rapporten er utforma etter innspel ,tilbakemeldingar og fotobidrag frå fleire og ikkje minst frå delprosjektleiarane i PIN. ”Språkvask” og kvalitetssikring av nynorsk språk-drakt har vore ivareteke av styreleiar Øyvind Strandheim med hjelp frå styre-representantane Lillian Torsvik og Jon E. Egeland. Kunstnar og ansvarleg for Kaisess-prosjektet Tone Boska, har bidrige til endeleg utforming av rapporten.

Ambisjonen i PIN-prosjektet har vært å bruke Nordsjøløypa til å syne fram samanhenger mellom verdiskaping i fortid, notid og framtid. Ein vonar rapporten vil være ei solid platt-form og eit arbeidsverktøy i det viktige arbeidet for vidareføring og realisering av denne ambisjonen.

Fana 12.januar 2011

**Ivan Ole Moldskred**  
Hovudprosjektleiar for PIN  
Gode Sirklar AS

# **Innhald**

Samandrag.....	5
Bakgrunn og målsetting.....	7
Delprosjekt i Perler i Nordsjøløypa.....	7
Organisering.....	10
Arbeidsform og -prosessar.....	11
Økonomi og budsjett.....	12
Samla resultat og verdiskaping.....	12
Marknadsføring .....	14
Status for delprosjekta .....	14
Sund-piloten .....	15
Fjell-piloten .....	18
Øygards-piloten.....	26
Kaisess.....	31
Luftskipet.....	36
Guideservice.....	39
Sentrale erfaringar og tilrådingar.....	45
Referansedokument.....	47

# Samandrag

Perler i Nordsjøløypa (PIN) har vore er ein del av Verdiskapingsprogrammet (VSP) til Riksantikvaren.(RA). PIN er sett saman av er tre kommunepilotar – eitt for kvar av kommunane Sund,Fjell og Øygarden og tre fellesprosjekt som femnar alle kommunane. Fellesprosjekta er Kaisess, det mobile kulturhuset Luftskipet og Guideservice. Lokalt er PIN eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Fjell, Sund og Øygarden, Museum Vest, Horda-land Fylkeskommune, lokale kunstnarar og næringsliv. PIN inngår i prosjektporleføljen til det interkommunale selskapet Gode Sirklar AS som har til ført prosjektleiar-kompetanse og administrative ressursar til hovudprosjektet. Eit særtrekk ved PIN er breidde og mangfald i oppgåver for dei seks delprosjekta: Frå restaureringsprosjekt via kunstprosjekt og reiseliv til prosess og metodeutvikling. Dette har i seg sjølv vore ei utfording m.o.t. å utnytte felles ressurser effektivt mellom delprosjekta og styrke samhandling og erfaringsdeling. Det er viktig å peika på at kostnadene til rehabilitering for nokre av kulturminna vart vesentleg dyrare enn føresett og at det dermed ikkje har vore mogeleg å ferdigstilla alle innanfor prosjektpersonen med tanke på finansiering. Bruk av kunst har vore med på å gi PIN ein særmerkt signatur gjennom Luftskipet og Kaisess, skapt nye arenaer for samarbeid mellom kunst og kulturminne, og trekt nyskapande verdiar inn i prosjektet. Tilbakemeldingar frå dei som har vore med direkte eller meir i randsonen av PIN-prosjekta, tyder på at VSP har vore nyttig og lærerikt. Ikkje minst verkar ”timingen” å vera god i forhold til å ta vare på fysiske kulturminne, lokale tradisjonar og kulturarv. Samla sett synest såleis PIN -prosjekta langt på veg å ha realisert hovudmålsetjingane. PIN har truleg og vore ei påminning om verdet av sentrale verdiar, moralsyn og livsvilkår som kystkulturen i regionen er tufta på: Nøysemd, næring foran tæring og dugnadsånd. Det er vår oppfatning at dette er viktige sekundærgevinstar i lys av samfunnsutviklinga der slike kjerneverdiar er utfordra. Ei rekke aktørar på ulike nivå har vore involverte i arbeidet og arbeidsmetodane ein har nutta i PIN har skapt ulike ringverknader. Innsats, medverknad og dugnadsvilje frå organisasjonar og einskildpersonar har og vore viktig bidrag og sikra så vel kontinuitet som gjennomføringsevne for PIN-prosjekta i heile VSP-perioden. Samla budsjett for hovudprosjekt og delprosjekt var opprinnleieleg satt til totalt NOK 24,3 mill., men legg ein til eigeninnsats og dugnad, er den totale finansieringa nær 33 mill. NOK som er tett på 8,7 mill. høgare enn budsjettet. Mykje av avviket kan forklaraast med høg aktivitet i prosjektet i form av eigeninnsats frå tilsette i kommunar og museum samt frivillig innsats. Den kulturelle og sosiale verdiskapinga i

prosjektet har såleis vore mykje høgare enn venta. Økonomitala viser at styringa i prosjektet samla har vore god og at kostnadene i prosjektet har vore tilpassa forventa inntekter til ei kvar tid gjennom prosjektperioden. PIN har vært synleggjort og kommunisert gjennom avisoppslag, reportasjer i lokalradio så vel som profileringsarbeid gjennom foredrag og innlegg på ulike konferansar og arrangement. Luftskipet er omtala i fleire internasjonale magasin og tidsskrift, medan Guideservice har utarbeidd boka: "Vandring i vest. Vegvisar til Sotra og Øygarden". Kaisess vart dessutan nominert til den nasjonale kultur og næringslivs-prisen 2009 i kategorien "Gjensidig berikande verdiskaping". For å leggje grunnlaget for seinare drift og bærekraftig utvikling av PIN-prosjekta har det vore arbeidd målretta med å formidla mål og ambisjonar til omgjevnadene, næringsliv og myndigheter kva PIN står for og arbeider mot. Parallelt med utarbeidinga av sluttrapportar har kvart av PIN-delprosjekta prioritert arbeid med "Verdiskapningsplanar" som peiker utover VSP-perioden slik at økonomisk, sosial, miljømessig og kulturell verdiskapning kan utviklas vidare. I desse planane er m.a. omtala aktivitetar knytt til ulike driftskonsept, produkt-utvikling, formidling og marknadsføring og vil bli nytta som plattform for arbeidet med å vidareføra dei respektive delprosjekta i PIN på ein bærekraftig måte. Restaurerings-prosjekt for kulturminne og bygnader i tre langs Vestlandskysten, vil som hovudregel vere særskostnadskrevjande og løyvingar må avspegle dette. PIN- prosjektet har registrert at finansieringa frå offentlege støtteordningar er blitt vanskelegare og tappa knappe ressurser unødig gjennom byråkrati, heller rigide kriterier og lite transparente tildelingsprosessar. Det er såleis naudsynt at rammevilkår og vedtekne føresetnader ikkje vert endra utan at dette vert drøfta mellom partane.

# Bakgrunn og målsetting

Perler i Nordsjøløypa (PIN) har vore eitt av to program frå Hordaland som har inngått i Verdiskapningsprogrammet (VSP) i regi av Riksantikvaren (RA) og på sitt vis har bidratt til å realisera og konkretisera dei overordna hovudmåla i VSP.

For PIN har dette dreid seg om å nytta kulturminna langs den lokale Nordsjøløypa til verdiskaping og heilskapleg satsing på samfunnsutvikling gjennom utforsking og formidling av samanhengar mellom fortid, notid og framtid i Sotraregionen. Formidlinga har skjedd ved å nytte ulike kunstnarlege uttrykksformer og tilrettelegging av aktivitetar som involverer befolkninga. Nordsjøløypa er spesielt rik på kulturminner og bind saman gamle ferdsselsårer i regionen og slik bidra til bærekraftig utvikling av friluftsliv, reiseliv, kulturminne og kulturlandskap.

Mål og ambisjonar for PIN har såleis vore å utløysa kulturhistoriske verdiar i autentiske miljø i regionen. Slik skal prosjektet bidra til næringsutvikling, og dessutan vera eit samlande, representativt og identitetsberande symbol for regionen. I dette ligg og ei styrkt satsing på reiseliv og tettare samhandling mellom PIN og reiselivprosjekt i regionen undervegs og i vidareføringa av PIN. Dette er tenester PIN vil utvikla og marknadsföra som små og store opplevingspakkar langs Nordsjøløypa, både på sjø og land og for ulike målgrupper.

Føresetnaden for verdiskaping i PIN er å kunne tilby attraktive opplevingsprodukt for dei som søker nye og unike opplevingar. Saman med eldsjeler, lokale lag og organisasjonar, skular, museum, kultur- og servicekontor i kommunane og ikkje minst det lokale næringslivet i regionen, har dette og vore sentrale aspekt i PIN.

Det har likeeins vore eit mål at aktivitetar som vert drivne av frivillige skal løftast opp på eit profesjonelt nivå får å sikra kvalitet og langsiktigkeit i opplevingsprodukta. Formidlingsaktivitetar initiert av kunstnarar og museum skal bidra til refleksjon rundt kulturarven og stimulera til ny aktivitet.

## **Delprosjekta i Perler i Nordsjøløypa**

Det har vore 6 delprosjekt i PIN. Av desse er tre kommunepilotar - eitt for kvar av kommunane Sund, Fjell og Øygarden og tre fellesprosjekt som har femna alle kommunane. Fellesprosjekta er Kaisess, det mobile kulturhuset Luftskipet og Guideservice. Fellesprosjekta har kvar på sitt vis vektlege formidling gjennom tradisjonelle så vel som innovative verkemiddel, arenaer og media. Fellesprosjekta har hatt ulike aktivitetar og tilbod knytt opp mot dei aktuelle kulturminna i kvar kommune.

**Pilotprosjektet i Sund** går historisk tilbake i tid med vekt på båtar, naust, fiske og handverk. Sundpiloten har hatt fokus på å setje i stand, ivareta, og bruke kulturarven med fokus på området Telavåg, Selstøvågen, Golta, Glesvær og Trellevik slik at aktivt kulturhistorisk arbeid aukar bruken av allereie etablerte anlegg. Nordsjøløypa har eit naturleg startpunkt i regionen på Glesvær, ein gammal handelsstad med kafé, rorbuer, båtutleige og eit aktivt ungdomslag. Trellevik kystkultursenter har i dag tre restaurerte bygningar: Bygnaden, Jektenaustet og Skjenkestova. Sjøaktivitet er viktig i regionen, og Trellevik kan formidla mangfaldet i kva båtliv inneber, både som den viktigaste næringsvegen slik det var før, og no der verdiskapinga er knytt til opplevelingar, læring og fritid. Telavåg er med si krigshistorie i seg sjølv eit kulturminne. Selstøbuene og Selstøkverna var dei einaste bygningane som stod att etter Telavågtragedien. Buene stod i fare for å forsvinna ved prosjektstart, og kverna var roten. Både buene, kverna og den gamle gravstaden i Lokavika har gjennomgått omfattande restaurering gjennom prosjektperioden.

**Øygarden kommunepilot** handlar om å setje i stand kulturminne knytt til kystfolket sin bruk av ressursar i fortid og notid. Kystmuseet i Øygarden forvaltar kultur- og naturarven og er sentral i vår pilot. Museet formidlar vår lange ressurssøge frå steinalder fram til det moderne olje- og gassamfunnet, og museet arbeider med å dokumentera dei menneske-skapte spora i det fortidige landskapet. Kulturminna som har vore utgangspunkt for prosjektet er: Steinalderbuplassen, saltebua, smia, kvernhuset og tørkehuset og sjølv Nordsjøløypa. Amfiet på museet og torvhusa attmed Nordsjøløypa har også inngått i prosjektet.

**Fjell kommunepilot:** Hovudsatsingsområdet har vore å ta vare på gamle tradisjonar for mat og handverk og formidla kunnskap til nye generasjonar.

For Pilot Fjell har det vore Gjerdet kulturminnegard, som består av våningshus, løe, uthus, jordkjellar, kulturlandskap og utmark på til saman 170 dekar som har vore utgangspunktet for prosjektet. I tillegg har kulturminna Russarstegen, Fjell festning og Nordsjøløypa i dette området vore ein del av Pilot Fjell.

Gjerdet kulturminnegard skal vere ein møtestad for menneske i alle aldrar. Plassen skal i første rekke vere open og tilgjengeleg for lokalbefolkninga og for besøkjande frå Hordaland. I tillegg meiner vi staden, saman med Fjell festning, har potensiale til å tilby ei unik oppleving også utanfor nærmarknaden.

**Kaisess:** Føremålet med Kaisess er å gi nytt liv og nye mogelegheiter for verdiskaping på kaiene. Ordet Kaisess spinn ut frå ideen om å sitja på kaien. Kall det gjerne kaisitjing, noko som er flott i seg sjølv. Kaisess er eit nytt omgrep som vi vonar kan knyta nye førestellingar og nye forventningar til kaiene. Den langstrakte kystregionen har behov for fleire identitetsskapande møtestadar som kan opne for nye opplevingar og ny inspirasjon. Frå å vera ein region med tett tilknyting til kaien både som møtestad for bygdene og som viktig næringsarena, har vi snudd ryggen til sjøen og gått i flokk inn i kjøpesentra. Vi er ikkje overtydd om at denne arenaen åleine kan ivareta behov for positiv identitetsutvikling hos dei oppveksande generasjonane.

Kaisess ønskjer å spleisa generasjonar, interessegrupper og næringar for å bidra til ein meir balansert og mangfaldig utvikling i vår kystregion. Dette gjerast gjennom kulturaktivitetar som er særmerkte for den lokale staden og som samstundes vidare- utviklast i samhandling og prosessar med kunstnarar som representerer moderne kunst og kulturuttrykk. Dette kan verka som djerve mål, men i alle arrangement har ein oppnådd overraskande og nyskapande resultat som har hatt positiv innverknad både på staden og alle interessegruppene som har vore involverte.

**Luftskipet:** Målsettinga for det mobile kulturhuset ”Luftskipet” er det skal bidra til og forsterka kulturformidlinga i regionen. Gjennom Luftskipet er målet å skapa ein fysisk og sosial arena for kulturutveksling mellom kunstliv og kulturminna.

Den fysiske bygget Luftskipet, vart levert til Gode Sirklar på Straume seinvinteren 2010 innafor budsjettet. Dette skjedde trass i fleire både økonomiske, byggtekniske og juridiske utfordringar undervegs, men som vart løyste gjennom tett oppfølging av bygge-prosjektet i Oslo og Moss.

Luftskipet vart opna 23.mai 2010 og i tråd med intensjonane i PIN vart sjølve opningsarrangementet gjennomført ved Gjerdet kulturminnegard (Jfr. Fjell kommunepilot). I løpet av hausten 2010 har det vore gjennomført og seld fleire nye arrangement m.a. til næringslivet i regionen. Ei sentral utfordring har vore utforming og vurdering av ulike juridiske kontraktloysingar og modellar som regulerer forholdet mellom GodeSirklar AS som eigar av den fysiske konstruksjonen Luftskipet og vidare drift av Luftskipet etter avslutning av VSP.

**Guideservice:** Museum Vest har eit nasjonalt nettverksansvar for fiskerihistorie og kystkultur. Nordsjøfartmuseet i Sund og Kystmuseet i Øygarden er

avdelingar i Museum Vest, og har som arbeids- og forskingsområde å formidla kunnskap knytt til kulturminna i regionen. Desse institusjonane har vore bidragsytarar til PIN på fleire felt og direkte gjennom Guideservice. Målet har vore å utdanna guidar og formidlarar som ikkje berre kan historia, men også forteljingane om stader og kulturminne knytt til Nordsjøløypa. Gjennom lokalkunnskap og tilknyting til regionen skal dei vera autentiske døropnarar til fortida.


## Organisering

Verdiskapingsprosjektet PIN er et samarbeidsprosjekt mellom kommunane Fjell, Sund og Øygarden, Museum Vest, Hordaland Fylkeskommune, lokale kunstnarar og næringsliv. PIN inngår i prosjektportføljen til det interkommunale selskapet Gode Sirklar AS som er eigd av kommunane Sund, Fjell og Øygarden. Gode Sirklar AS er drifta av SINTEF. Selskapet er eigd av kommunane, og SINTEF står for administrativ og fagleg leiing. Gode Sirklar AS har tilført prosjektleiarkompetanse og administrative ressursar til hovudprosjektet i PIN.

### Organisasjonsmodell

Det vart etablert eit eige styre for PIN etter oppstart. Styringsgruppa for PIN har vore ein viktig pådrivar og kvalitetssikrar så vel operasjonelt som strategisk for å sikre framdrift av leveransar i tråd med mål og ambisjonar.

Organisasjonsmodell for Perler i Nordsjøløypa



Styringsgruppa for PIN har hatt ansvar for å :

*"-sikra kommunikasjon og forankring til basisorganisasjonane. Det er eit tverrfagleg råd som skal bidra til at prosjektet får dei naudsynte ressursar og status, dei skal gje råd og konkludera i saker som prosjektansvarleg og prosjektleiar legg fram, gje prosjektleiar støtte for å sikra framdrift og følgje opp sakene som blir handsama i styringsgruppa."* (Ref. "Verdiskapingspiloten Perler i Nordsjøløypa- revidert plan")

Styringsgruppa for PIN har hatt denne samansetjinga ved avslutninga av VSP:

- Øyvind Strandheim (Styreleiar) -Øygarden kommune
- Lillian Torsvik -Fjell Kommune
- Jon E. Egeland -Sund Kommune
- Bjørg Christophersen - Museum Vest
- Ingunn Vardøy - Hordaland Fylkeskystlag
- Tor Titlestad -Hordaland Fylkeskommune
- Per Aarsand -Vest Næringsråd
- Kristin Helle-Valle -Frå styret i Gode Sirklar AS
- Sigmund Kvernes -Prosjektansvarleg og dagleg leiar i Gode Sirklar AS

Ivan Ole Moldskred har i kraft av og som hovudprosjektleiar for PIN og vore sekretær for styret.

## Arbeidsform og –prosessar

Det har vore fleire justeringar i måten PIN-prosjekta har vorte organisert og styrt på løpet av dei siste par åra, m.a. skifte av fleire leiarar. Dette gjeld hovudprosjektet, men og nokre av delprosjekta.

Leiarane i delprosjekta var følgjande ved utgongen av 2010:

- Sund-piloten: Kulturkoordinator Hilde Kristine Egeland
- Fjell-piloten: Fagleiar kultur Grethe Bergsvik
- Øygardspiloten: Kultursjef Bernt Hjørnevik
- Luftskipet: Kurator og kunstnar Gitte Sætre
- Kaisess: Konsulent og kunstnar Tone Boska
- Guideservice: Kontorkonsulent Museum Vest Margrethe Kallestad

Thor Haakon Helgesen var leigd inn for å halde nært tilsyn med byggeprosessen for Luftskipet i 2009 og 2010.

At alle PIN-prosjekta har vore basert på deltidsstillingar (opp til 20% kvar) har stilt krav til effektiv leiing, prioritering og ressursutnytting. Arbeidsforma har kravd styrkt vektlegging på prosjektstyring, samhandling, erfaringss- og ressursdeling mellom delprosjekta. Dei siste åra har prosjektgruppa for PIN hatt fellesmøte om lag kvar 3.veke medan styringsgruppa for PIN har vort samla i snitt 4-5 gonger i året.

Fleire av delprosjekta har også hatt medverknad frå eigne arbeidsgrupper som har bidrige fagleg og ressursmessig.

Samarbeid og kontakt med Riksantikvaren har vore i samsvar med føresetnadane for VSP-programmet. PIN var såleis vertskap for VSP-programmet over eit 2-dagers arrangement på vegne av RA i byrjinga av september 2009.

## Økonomi og budsjett

I søknad om deltaking i VSP var sett opp samla budsjett for hovudprosjekt og delprosjekt. Kostnadene var der ført opp med totalt NOK 24,3 mill. Den faktiske finansieringa eksklusiv eigeninnsats og dugnad er om lag i tråd med budsjettet. Legg ein til eigeninnsats og dugnad er den totale finansieringa nær 33 mill. NOK som er tett på 8,7 mill. høgare enn budsjettert.

Hovudårsaka til avviket samanlikna med opphavleg budsjett skuldast såleis høgare aktivitet i prosjektet i form av eigeninnsats frå tilsette i kommunar og museum samt frivillig innsats. Verdien av innsatsen er rekna å vera om lag 8,5 mill. høgare enn budsjettert. Dette er særstakt positivt og gjev god dokumentasjon på at PIN har skapt stort engasjement i vår region. Den kulturelle og sosiale verdiskapinga i prosjektet har såleis vore mykje høgare enn venta. Timesatsen som har vore nytta for å fastsetja verdien av eigeninnsats og dugnad er kr. 400,- pr. time.

Det er viktig å peika på at kostnadene til rehabilitering for nokre av kulturminna vart vesentleg dyrare enn føresett og at det dermed ikkje har vore mogeleg å ferdigstilla alle innanfor prosjektperioden grunna finansieringssituasjonen. Imidlertid ser det ut til å vera politisk vilje til å bevilga økonomiske midlar over dei kommunale budsjetta i 2011. I tillegg vil ein søkja om midlar frå Norks Kulturminnefond, Hordaland Fylkeskommune og andre aktuelle tilskotsytarar. Økonomitala syner at styringa i prosjektet har vore god og at kostnadene i prosjektet har vore tilpassa forventa inntekter til ei kvar tid gjennom prosjektperioden. Framdrifta i dei ulike delprosjekta har vore prioritert i høve melding om tilsegn på økonomiske midlar. Såleis har prosjekta hatt ulik framdrift i prosjektperioden.

## **Samla resultat og verdiskaping**

Det har vist seg at restaureringsarbeidet for delar av Sund-piloten og ikkje minst Fjell-piloten har vore meir utfordrande og ressurskrevjande fagleg og økonomisk enn det som var forventa. Både Øygards- og Fjell-pilotenhatt utfordringar m.o.t. påkrevde dispensasjonar og eigarrettigheitar. Dette har i periodar hemma framdrifta i desse prosjekta.

Luftskipet var i ein periode 2008-2009 utsett for heller ”turbulente værtihøve”: Grunna ein juridisk twist vart prosjektet stoppa, men i løpet av hausten i 2009 fann saka ei løysing. Styrking av lokal byggjeleiing i Oslo og stram økonomistyring bidrog ikkje minst til at byggeprosjektet vart levert i samsvar med justerte føresetnader og opning kunne haldast etter timeplanen i mai 2010.

Guideservice er truleg det delprosjektet som har hatt den mest planmessige gjennom-føring og levert produkt og resultat utover definerte målsetjingar. Dette omfattar t.d. eit eiga kompendium med lokalhistorie: ”Vandring i vest. Vegvisar til Sotra og Øygarden” samt kursing og sertifisering av guider.

Kaisess har hatt god og planmessig forutsigbarheit og er vel dokumentert. Fleire vellukka Kaisess-arrangement er avvikla i VSP-perioden. Gjennom arbeidet med Kaisess er det og utvikla ei metode og prosess som har auka positiv erfaringsoverføring og er brukt aktivt i andre delprosjekt, m.a. Fjell- og Sund-piloten.

Eit særtrekk ved PIN har vore bruk av kunstnarlege verkemiddel for å forsterke opp-levingar knytt til kulturminna og på det viset gitt ein ny kunstnarleg dimensjon til å synleggjere samanhengen mellom fortid, notid og framtid.

Bruk av kunst har vore med på å gi PIN ein eiga signatur gjennom Luftskipet og Kaisess , skapt nye arenaer for samarbeid mellom kunst og kulturminne, og trekt

nyskapande verdiar inn i prosjektet.

Det har vore høg aktivitet både frå tilsette i musea og kommunane. Dette har saman med andre frivillege påverka verdiskapinga på ei særslig positiv måte. Samla sett har difor PIN-prosjekta langt på veg realisert hovudmålsettingane.

Parallelt med utarbeidinga av sluttrapportar har kvart av PIN-delprosjekta prioritert arbeid med ”Verdiskapningsplanar” som peiker utover VSP-perioden. Desse plandokumenta vil og freista gje konkrete døme på korleis økonomisk, sosial, miljømessig og kulturell verdiskapning kan realiserast og utviklas vidare.

I desse planane er m.a. omtala aktivitetar knytt til ulike driftskonsept, produktutvikling, formidling og marknadsføring og vil bli nytta som plattform for arbeidet med å vidareføre dei respektive delprosjekta i PIN på ei berekraftig måte.

Verdiskapningsplanane for kvart delprosjekt vil bli gjort tilgjengeleg i sin heilskap på Riksantikvaren sine heimesider.

For kommunepilotane i PIN har det gjennomgåande vore erfart at restaureringsarbeida har synt seg meir arbeids- og ressurskrevande enn det ein først har antatt. Tilstanden på fleira av kulturminna har vore i dårlegare stand enn ein rekna med og såleis auka kostnaden ved istandsetjing.

Restaureringsarbeidet har og krevd tilgong på handverkarar med særleg kompetanse som ikkje alltid har vore like lett å få tak i. På den positive sida kan dette medverka til at gamle handverkstradisjonar vert praktisera og slik teke vare på og halde i hevd.

Tilbakemeldinger frå dei som har vore direkte med eller meir i randsonen av PIN-prosjekta, tyder på at PIN har vore nyttig og lærerikt og ikkje minst at ”timingen” var god i høve til å ta vare på fysiske kulturminne og lokale tradisjonar. Det er utan særleg tvil eit godt grunnlag for å utvikla og oppleva identitet og stoltheit av eigen kulturarv.

PIN har truleg og vore ei påminning om verdet av sentrale verdiar, moralsyn og livsvilkår som kystkulturen i regionen er tufta på: T.d. nøysemd, næring foran tæring og dognadsånd. Det er vår oppfatning at dette er viktige sekundærgevinstar i lys av samfunnsutviklinga der slike kjerneverdiar er utfordra.

## **Marknadsføring**

Ikkje minst med tanke på å leggje grunnlaget for seinare drift og bærekraftig utvikling av PIN-prosjekta har det vore arbeidd målretta med å formidla og kommunisera til omgjevnadene, næringsliv og myndigheter kva PIN står for samt mål og ambisjonar prosjekta arbeider mot.

Døme på slike tiltak er fleire avisoppslag, reportasjer i lokalradio så vel som profilerings-arbeid gjennom foredrag og innlegg på ulike konferansar og arrangement. For Luftskipet kan og nemnast at prosjektet er omtala i fleire internasjonale magasin og tidsskrift, medan det som lekk i arbeidet med Guideservice, nemnd ovanfor, er ”produsert” eiga bok: ”Vandring i vest. Vegvisar til Sotra og Øygarden”.

PIN-arrangement (t.d. Kaisess og Luftskipet) har mobilisert til samhandling mellom lokale ressurspersonar og aktørar, men og bidratt til samarbeid med nasjonale og internasjonale kunst og kulturmiljø.

# Status for delprosjekta

I dette kapitlet er gjort greie for status for kvart av dei 6 delprosjekta med vekt på måloppnåing, igangsette og gjennomførte tiltak, resultat m.o.t verdiskapningsmål samt utfordringar, status og planar for arbeidet etter at VSP-programmet er avvikla.

Dei seks PIN-pilotane representerer mangfold på fleire vis og har ulik ”maskevidde”, m.a. innan økonomi, ressurstilgang, organisering, mål og ambisjonar. Dette vil og prega innhald, detaljering og rapporteringsfokus for kvart av PIN-prosjekta slik desse er skildra i dei neste kapitla.

## Sund-piloten

### Mål

Hovudmålsettinga i verdiskapingsprogrammet er å bidra til at kulturminne og kulturmiljø vert tekne i bruk i samfunnsutviklinga. Sundpiloten har hatt fokus på å setje i stand, ivareta, og bruke kulturarven til beste for befolkning, næringsliv, lokalsamfunn og region. Til grunn for all aktivitet i piloten ligg eit prinsipp om å skapa verdiar både i sosial, kulturell, miljømessig og økonomisk forstand. Auka kunnskap om kulturarven, auka lokal identitet og attraksjonsverdi er døme på delmål i Sundpiloten.



### Organisering og arbeidsmetode

Sundpiloten har hatt fokus på samarbeid mellom kommune og museum, lokale lag, stiftingar, enkeltpersonar, grunneigarar, kyrkje, m.fl. Prosjektleiinga har vore knytt til ein ca. 20% stillingsressurs i kommunen si kultureining. Det har vore stor utskifting i stillinga, og det har vore 4 delprosjektleiarar inne i prosjektperioden. I tillegg har ansvaret for oppfølging av piloten tidvis vore fordelt på tre ulike stillingar samstundes. I byrjinga av prosjektet dreiv Nordsjøfartmuseet direkte rapportering til Hordaland Fylkes-kommune, tett oppfølging av handverkarar, samarbeid med fylkeskommunen. Arbeids-forma har vore møteverksem, idémyldringsprosessar, arrangement og markeringar. Det har vore både fellesmøte med alle samarbeidsaktørane samstundes, og møte

mellom færre aktørar som kommune og stifting, eller kommune, museum og frivillig lag, osb. Tidvis har piloten samarbeida direkte med fylkeskommunen og kulturminnefondet for råd og rettleiing i forhold til restaureringa.

### **Økonomi og finansiering**

Sundpiloten har basert seg på støtte frå Kulturminnefondet, Hordaland Fylkeskommune, Riksantikvaren, Norsk kulturarv, SR-bank og Sparebanken Vest tillegg til kommunale midlar. Deler av restaureringa har vist seg dyrare enn først rekna, men i hovudsak har Sundpiloten halde seg innanfor rammene for budsjettet.

### **Resultat og verdiskaping**

Gjennom prosjektet er fire fysiske kulturminne restaurert. Det er Bygnaden på Trellevik Kystkultursenter, Selstøbuene i Telavåg, Selstøkverna og gravplassen i Lokavika.

Restaureringsarbeidet representerer i seg sjølve ei økonomisk verdiskaping på den måten at kulturminna har fått ei kvalitetsheving og auka verdi og status. I tillegg har me døme på at kulturminna inngår i næringsverksemd, som Selstøbuene og gravplassen i Havørnsafari.



*Selstøbuene – før restaurering*



*Selstøbuene – etter restaurering*

I løpet av prosjektperioden har det vore fokus på friluftsliv og fysisk aktivitet og auka bruk av Nordsjøløypa, dette er døme på miljømessig verdiskaping. Det er tatt omsyn til miljø i materialbruk på restaureringsobjekta og på skiltinga i Nordsjøløypa, og så langt det har vore mogleg har ein nytta gjenbruksmateriale i restaureringa. Ein har òg fått auka fokus på miljø i form av kortreist mat på alle markeringar og arrangement i Sundpiloten.



#### *Gravplassen i Lokavika – Dugnadsarbeid*

Talet på dugnadstimer er høgt i Sundpiloten. Det vitnar om stort engasjement, og dei frivillige sin innsats i prosjektet er gode døme på medverknad, samfunnsdeltaking og samarbeid. I løpet av prosjektperioden har ein knyta tettare kontaktar mellom kommune og lokale organisasjonar, institusjonar og enkelpersonar.

Sosiale arrangement har vore gode møteplassar og arena for sosial og kulturell verdiskaping. Auka fokus på vandringar og friluftsliv gjev effekt i form av trivsel og helse i lokalsamfunnet. Auka kunnskap om kulturminna og lokalhistoria kan gje innbyggjarane auka sjølvkjensle og identitet, og kan bidra til positive assosiasjonar og eigarskapskjensle til staden. I eit større perspektiv kan dette gje positive følgjar for staden sin attraktivitet, sysselsetting, og næringslivet og samfunnet sitt inntektsgrunnlag.

For kulturminna har prosjektet fått konsekvensar som:

- auka verdi i form av istandsetjing
- auka bruk (Døme: Kulturminna vert aktivt nytta i Nordsjøløypegruppa UMH sine guida turar i løypa og i Vestlandsforteljingar.)

- større kunnskap om og interesse for kulturminna i kommunen.  
(Døme: Auka interesse for Norsk Kulturarv sin aksjon ”Rydd eit kulturminne” hos skulane i kommunen.)

### Ei suksesshistorie

Samarbeid og god dialog med frivillige aktørar, museum, kyrkje m.fl. kan gje gode resul-tat og skape stort engasjement.

Døme på suksesshistorie i Sundpiloten er Havørnsafari i Telavåg - opplevelingsturar som nytter dei ferdig restaurerte Selstøbuene og Kyrkjegarden ved havet aktivt. Havørnsafari gjev økonomisk inntening utan store utgifter.



*Havørnsafari i Telavåg*

### Døme på flaskehalsar

Manglande kontinuitet i prosjektleiinga lokalt vore uheldig for framdrift i Sund-piloten Av andre utfordringar står desse fram som dei viktigaste:

- Til tider uklår ansvarsfordeling mellom kommune, museum og frivillige
- Vanskeleg å rekna seg til dei økonomiske føresetnadane på førehand
- Tunge søknadsprosessar som tek mykje tid og ressursar gjev gjerne lite tilbake
- Manglande samarbeid med lokalt næringsliv

### Tilrådingar

I gjennomføringa av Sund-piloten er det gjort ulike erfaringar. Ikkje minst har det synt seg viktig å kunne ha open dialog og likeverdig samarbeid med lokale aktørar. I tillegg vil vi peike på desse momenta som tilrådingar:

- Fastsette økonomiske føresetnadar
- Betre tilgang på bygningsfagleg kompetanse t.d. i staben til Fylkeskonservator og meir tilgjengeleg fagkunnskap
- Prosjektet tettare knytt til Fylkeskommunen
- Betre kommunikasjon mellom lokalbefolkning og alle aktørar involvert i PIN.

## Vegen vidare

Kulturminna i Sund er forankra i kommuneplanen. Sund kommune er i gang med å utarbeide kommunedelplan for kultur, der skal kulturminna ha ein sentral plass. Fylkeskommunen vil tilby regionen ein bygningsvernleiar i 2011. Det gjer at vi får kartlagt, registrert og planlagt vidare arbeid med kulturminna.

Sundpiloten ser for seg eit organisert samarbeid på kulturminneområdet gjennom "IKKUS" (Interkommunalt kultursamarbeid mellom kommunane Sund, Fjell, Øygarden og Askøy.) Reiselivssatsinga i regionen skal vidareførast gjennom Kysteventyret. Ein ønskjer å få med "alle" lokale aktørar, små og store, inn under paraplyen Kysteventyret. Opning for booking på netportalen vil kunne lette situasjonen for små aktørar med få ressursar. Det er eit mål å samordna dei ulike aktørane og tilboda som eksisterer i kommunen og vidareutvikla desse gjennom å tenkje heilskapleg i kommunen og utover i regionen. Ved å utforme opplevingspakkar tilrettelagt for både bedrifter, store grupper og familiar/mindre grupper, vil ein kunne stå fram og synleggjere seg sjølve som ein attraktiv destinasjon. Ein ser for seg at Kysteventyret kan ha ei sentral rolle når det gjeld formidling av slike opplevingsturar.

Det er òg ytra ønske om ein levande kultur/opplevingskalender for regionen, kanskje i forlenging av Kysteventyret?

Satsing på aktivitet i Nordsjøløypa knytt til kulturminna vil òg halde fram gjennom vidare samarbeid mellom kommune, museum og dei ulike aktørane som har vore involvert i prosjektet. Sund kommune er også partnar i Coast Alive-prosjektet som fokuserar på aktivitet knytt til Nordsjøløypene og natur- og kulturarven som finst langs løypene rundt Nordsjøbassengen.


I verdiskapingsplan for Sundpiloten er dei involverte kulturminna skissert eitt for eitt, med moglege satsingsområde skissert. Døme på vidareutvikling av eitt av kulturminna er arbeid med eit fast program i regi av "Den Kulturelle Skulesekken" (DKS) for alle skulane i samarbeid med Stiftinga Trellevik Kystkultursenter.

# Fjell-piloten

## Mål

Hovudsatsingsområdet for Pilot Fjell har vore å ta vare på gamle tradisjonar for mat og handverk og formidla kunnskap til nye generasjonar.

For Pilot Fjell har det vore Gjerdet kulturminnegard, som består av våningshus, løe, uthus, jordkjellar, kulturlandskap og utmark på til saman 170 dekar som ha vore utgangspunktet for prosjektet. I tillegg har kulturminna Russarstegen, Fjell festning og Nordsjøløypa i dette området vore ein del av Pilot Fjell.



Gjerdet kulturminnegard skal vera ein møtestad for menneske i alle aldra. Plassen skal i

første rekkje vera open og tilgjengeleg for lokalbefolkinga og for besökjande frå Horda-land. I tillegg meiner vi staden, saman med Fjell festning, har potensiale til å tilby ei unik oppleving også utanfor nærmarknaden. Vi tek difor mål av oss til å presentere Gjerdet kulturminnegard til den nasjonale og internasjonale marknaden. Gjerdet skal vera ein stad folk som folk vitjar og sidan alltid vil lengta attende til. Gjerdet kulturminnegard skal praktisera ein service, og formidla ei historie medvitent om at vår unike historie skal bringast ut i verda. Alle detaljar, frå dei fysiske rammer og omgjevnader, til dei meir abstrakte sanselege opplevingane, skal vera med å gje ei kjensle ein aldri kan gjenskapa andre stadar. Opplewinga av Gjerdet gard skal alle snakka om, slik spreier vi ei lengt i menneske om å koma til Gjerdet kulturminnegard.

## Prosjektprosessen

Gjerdet kulturminnegard har vore arena for ei rekke gode samhandlingsprosessar. Her har representantar frå PIN prosjektet, profesjonelle kunstnarar, gode handverkarar, lokale og frå frivillig sektor med ulike kompetanse vore samla i inspirerande omgjevnadar og saman utvikla konseptet som i dag har fått namnet "Dei på Gjerdet".

Frå juni 2009 til oktober i år har det vore faste handverksmøte med stor deltaking og interesse på Gjerdet kulturminnegard. Målet har vore å engasjera og inkludera lokal-samfunnet til å ta del i utvikling av aktivitetar og produkt som kan danna grunnlag for berekraftig verksemd på Gjerdet. Treffa er vorte ein møteplass for fleire generasjonar og dei uformelle samtalane som oppstår over strikkepinneane er verdfulle. Her møtes menneske med heilt ulik kvardag og ståstad, historie vert fortalte og tema debattert. Gjerdet gir ei fin ro og inspirerer til opne og inkluderande samtaler.



For å nå dei kvalitetsmessige mål i hovudsatsinga til Gjerdet må samhandling mellom kompetansemiljøa innan mat- og handverktradisjon vera solid. Kvaliteten i denne sam-handlinga vil vera grunnleggjande for at vi når måla som er skrivne om i PIN-søknaden til Riksantikvaren. Dei ulike aktørane og interessegruppene må saman skapa heilsakelege opplevingsprodukt for publikum. Publikum skal oppleva staden som eit heile og ikkje som lausrivne aktivitetar og tilbod.

Kaisess blei brukt som prosessmetode for utvikling av konseptet ”Dei på Gjerdet”. Den største utfordringa i prosessen var å smelta saman eksterne ressursar med design og kunstbakgrunn, etter at prosjektet hadde vart i nesten to

år. Det var blitt utvikla eigarskap og forventningar hjå dei lokale aktørane som hadde vore med frå starten. Kommunen si tydlege forventning om at det skal etablerast eit driftselskap som kan vera økonomisk berekraftig, synleggjorde behovet for å knyta til seg kunnskapsmiljø utanfrå. Det økonomiske nedslagsfeltet for eit konsept som er knytt opp til internasjonale kunst og designmiljø er utvilsamt større enn utan desse aktørane.

Produktutviklinga har vorte leia av Siv Støldal. Ho har drive eiga verksemد som internasjonal skreddar og designar og hatt heile Europa som arbeidsplass. Ho har også vore med å leggja planar for korleis bygningane skal innreiast på garden og arbeider og med å utarbeida den første kolleksjonen for ”Dei på Gjerdet” saman med lokale handverkarar, designarar og kunstnarar. I tillegg er ho saman med representantar for regionen sitt destinasjonsselskap for reiseliv (”Kysteventyret”), i gong med å etablera eit nettverk innan lokal matproduksjon.

Det å samarbeida med ein profesjonell designar har gitt prosjektet verdfull drahjelp i arbeidet med å utvikla Gjerdet kulturminnegard til ein unik stad. Støldal sitt internasjonale design- og kunstnettverk kan vera med å sikra den vidare utviklinga og produksjon av produkt med høg kvalitet. Hennar miljø vil og kunna sikra tilfang av nye spanande samarbeidspartnarar i arbeidet med å realisera verdiskapingsplanane for garden og området.

### **Resultat og verdiskaping**

Fjell-piloten har til no restaurert løa og våningshuset utvendig, starta opp innvendig restaurering i våningshuset og har planar klare for vidare restaurering både i løa og huset.

”Russarstegen” var arbeidsvegen til dei russiske krigsfangane under siste krig og den er no merka og utbetra og mykje brukt som turløype.

Det er utvikla prototypar på designprodukt som kan vera den fyrste ”kolleksjonen” for Gjerdet. I fyrste omgang har det vore handarbeid som hekling og strikking som har vore i fokus samstundes som det er skapt unike design og kunstprodukt av einskilde kunstnarar. Felles for alle designprodukta er at dei er utarbeidde med bakgrunn i den lokale historia og gjenstandar som er funne på garden. Fjell-piloten treng å leggja til rette for ein verkstad der ein kan jobba med trearbeid, både for vedlikehald og som produksjonsstad for nye produkt.



*Frå Fjell festning*

I 2010 har PIN-prosjektet hatt fokus på økonomisk verdiskaping i eit langsiktig perspektiv. Det har vore arbeidd med ein verdiskapingsplan der økonomisk, kulturell, miljømessig og sosial verdiskaping har vore viktige dimensjonar å få fram.

Økonomisk verdiskaping vil innebera at det framtidig driftskonseptet på Gjerdet kulturminnegard skal vera økonomisk berekraftig over tid. Med kulturell verdiskaping meinast at Gjerdet kulturminnegard i tillegg til å vera eit kulturminne og skal驱va og formidla kulturhistorie og kulturelle aktivitetar. Miljømessig verdiskaping betyr at det vert teke vare på innbu og utstyr som er på garden og tek det i bruk. Samstundes skal nye produkt utviklast med bakgrunn i det eksisterande og historiske. Når det gjeld sosial verdiskaping inneber det at Gjerdet kulturminnegard skal vere ein møteplass for læring, utveksling og formidling av kultur, kunst, natur, helse og lokal mat.

### **Konsekvensar for kulturminne og kulturarven**

Gjerdet kulturminnegard skal syna historier frå gamal- til vår moderne tid. Samstundes skal huset gi ei heilskapeleg visuell ramme som forsterkar den lokale historia. Medviten bruk av gamle objekt presentert på måtar som kan løfta dei fram og gi dei fornya verdi skal vera ein viktig del av interiøret. Dei gamle, og for mange, kjende gjenstandane skal setjast saman med nyskapande designprodukt, slik skal nytt og gammalt saman auka sin verdi.

Hovudhuset på Gjerdet gard var ganske intakt på innbu då kommunen overtok. Alt som blir skapt av nye produkt til den kommande butikken er inspirert og utvikla på bakgrunn av det vi har funne her. Mönster, fargar, teksturar i interiør og objekt er utgangspunkt for nye produktidear. Folket på Gjerdet var også samfunnsengasjerte menneske og aktive på fleire arenaer. Dei har samla på ”alt” og i dag utgjer dette viktig dokumentasjon om tidlegare tider i bygda Fjell og kommunen elles og gjev oss grunnlag til å formidla historia og kulturarven vidare til nye generasjonar.

Nærleiken til Fjell festning og området rundt vil bidra til at Gjerdet kulturminnegard, saman med festninga, kan verta attraktive både for lokalbefolking og turistar. Region Vest har i 2010 fått status som eigen reisemåldestinasjon gjennom Kysteventyret, som er eit turistprosjekt i regi av Gode Sirklar AS. Festningsområdet og kulturminnegarden trur vi kan verta det turistmålet som Fjell kommune kan bli kjent for, både nasjonalt og internasjonalt.

Når ein set saman alle dei tilboda som er nemnd over til ulike opplevingspakkar så vil Gjerdet framstå som ein svært attraktiv og variert reiselivsdestinasjon.

### **Flaskehalsar og særlege utfordringar**

I konseptet til Gjerdet kulturminnegard vert det lagt opp til at garden skal verta ein offentleg kulturminnegard, open for alle med kafe, møtestad og butikk. Garden tilfredsstiller ikkje krav som plan og bygningslova i dag set til bygningar som skal nyttast til offentlege føremål. Særleg strenge er krav knytt til utkørsel, vass- og kloakkløysingar, universell utforming og tiltak for brannsikring. Desse krava må vi retta oss etter, noko som både tek tid og er krevjande økonomiske utfordringar.

Det har elles i prosjektet vore utfordrande å skaffa tilstrekkeleg med finansiering til å utføre planlagt rehabilitering og produktutvikling.

### **Tilrådingar**

Slike omfattande restaureringsprosjekt treng tid for å forankra prosjektet, både hos lokale innbyggjarar ved å involvera desse i prosjektutviklinga og hjå dei lokale politikarane. Dette vil vera av stor verdi når det gjeld å få til dugnadsinnsats og politiske løyvingar.

M.o.t. å engasjere næringslivet kan det være til gjensidig nytte å knytte sterkt kontakt med eit eller to verksemder som er villig til å ”adoptere” prosjektet og nytta det i si eiga merkjevarebygging.

Fjell-piloten har opplevd det som vanskeleg å nå fram til Norsk Kulturminnefond med prosjektet sine søknadar om midlar. Den særeigne måten ein har arbeidd på i verdiskapingsprosjektet, der vegen har blitt til mens ein går,

har tilsynelatande ikkje passa inn i fondet sine retningsliner for tildeling av midlar.

Det vert og tilrådd at alle som skal starta opp tilsvarende prosjekt tidleg i prosjektfasen vert einige om korleis ein skal marknadsføre prosjektet, kva design ein skal velja og ikkje minst kva kommunikasjonskanalar som er best eigna. Det er viktig at ein tidleg fortel omverda om kva ein held på med, tidlege planar og gjev kontinuerlig informasjon om framdrift.

### **Vidareføring: Organisering og verdiskaping etter VSP**

Gjerdet kulturminnegard har utarbeidd sin eigen verdiskapingsplan, men legg opp til at mykje av vidare satsing skal gjerast i samarbeid med fleire av dei andre delprosjekta i PIN.

Fjell kommune har i politisk sak, gjort greie for kommunen sitt syn på vidare planar for Gjerdet etter at prosjektperioden for verdiskapingsprogrammet går ut ved årsskiftet

2010/11. Kommunen har og sett i gong arbeidet med ein strategisk plan for området på og rundt Fjell festning og har stadfesta at heile området må sjåast under eitt.

Fjell kommune er eigar av Gjerdet kulturminnegard og tenkjer å halde fram med det. Som eigar kan kommunen vore med å leggja premissar for bruken og slik sett sikra at måten garden vert drifta på er i tråd med politiske ønskjemål om ein heilskapleg kulturpolitikk og vedteken kulturplan samt andre kommunale planer. For å ivareta kommunen si interesse vil det vera ein føresetnad at kommunen er representert i eit eventuelt driftsstyre.

Samskapininga mellom lokale og eksterne kulturnæringer og miljø er særslig interessant. For Gjerdet kulturminnegard er det naturlig at mange ulike aktørar bidrar til at hovudføremålet om å drive kulturbasert verdiskaping vert oppfylt. Det er allereie mange interessentar som deltek i produktutvikling på Gjerdet. Det vil vere viktig å ha desse med i vidare drift og dette må takast omsyn til ved val av driftsmodell.

Prosjektet vil rå til at ei foreining vurderast som prioritert organisasjonsmodell basert på ein form for ”Næringshage” der foreningsrettslige prinsipp vert nytta. Styret i foreininga bør vere samansett av representantar for ulike interessentar og kommunen sine interesser må vere representert. Ein ”Næringshage” samlokaliserer profesjonelle, amatørar og frivillige med varierande og ulike formar for kompetanse og vil vere eit godt utgangspunkt for kreativitet og innovasjon. Dersom mange får eigarskap til staden og kjenner ansvar for å bidra innanfor eit profesjonelt utvikla konsept, vert det fleire å spreia oppgåvene på og staden får fleire bein å stå på.

Verdiskapingsplanen for Gjerdet framhevar og potensialet for Gjerdet til å framstå som ein svært attraktiv og variert reiselivsdestinasjon:

*"Alt ligg til rette for unike "pilotpakkar" som t.d. inneheld guida fottur med historie-forteljing, nistepakke frå Gjerdet innpakka i spesialdesigna matpapir og eige kart over området. Garden ligg strategisk plassert på Sotra, mellom kommunane Sund og Øygarden og kan vere ei ypparleg plassering av eit regionalt turistkontor. Slik kan vi leggje grunnlag for at turistar stoppar på staden og leggje til rette for ei effektiv samdrift mellom aktørar."*

## Øygards-piloten

### Mål

Hovudmålet for Øygards-piloten har vore å skapa forståing og interesse for kulturarven slik at den vert teke vare på for framtidige generasjoner. Dette oppnåast m.a. ved å setje i stand kulturminne for å kunne gje ei god oppleving og forståing av korleis kystfolket har levd og lever attmed storhavet. Arbeidet med Øygards-piloten har lagt vekt på lokal medverknad og forankring gjennom positiv dialog med alle relevante aktørar og med-spelarar i regionen.

### Nordsjøløypa og kulturminna

Den lokale delen av Nordsjøløypa går mellom Ovågen, Kollsnes og Herdlevær. Utgangspunktet for turen er Kystmuseet (Museum Vest) med utstillingar og filmar som er med å formidlar vår ressurshistorie. Steinalderbuplassen er og ved museet. Deretter går turen til kvernhuset, og ein får sjå korleis kystbøndene sitt finstilte hushald nytta vasskrafta til produksjon av matmjøl. Litt lengre vest i løypa kjem ein innom ein liten utstilling i eit torvhus. Torva var brensel for kystfolket i over 1000 år. Rett ved torvhuset ligg Kollsnes som er eitt av Europas største prosessanlegg for gass. Turen endar lengst vest i havet ved Herdlevær, som er ein historisk stad kjend frå vikingtida. Her ligg eit vakkert restaurert naustmiljø.

**Steinalderbuplassen** er ein læringsarena med formidling av vår eldste historie. Historia knytt til steinalderen er vanskeleg å forstå, men gjennom aktivitetar og deltaking for-søkjer me å gjera historia levande for elevar og andre besøkjande. "Learning by doing" er ein anerkjent metode for å skapa forståing.

**Sjøbuene** langs kysten var viktige næringsbygg i kystøkonomien og er sentrale kultur-minne i kystkulturen. Saltebua er eit viktig døme på dette. Bua er imidlertid ikkje restau-rert på grunn av manglande ekstern finansiering/tilskot.

**Smia** som vert sett i stand, er i eit grindahus. Museet har komplett smieutstyr og ynskjer at dette skal nyttast av elevar og kunstnarar som vil arbeida med smiing. Det lokale smielaget kan nytta smia.

**Kvernhus og tørkehus** er to kulturminne som ligg attmed Nordsjøløypa. Dei visar korleis kystbøndene nytta vasskraft til å produsera matmjøl i tidligare tider. Det har vore naudsynt å sikra, byggja opp og restaurera dei to husa, slik at dei kan brukast til aktivitet-ar i samband med formidling av tradisjonell ressursutnytting.



Foto tatt frå "Vestgard" under Kaisess 2008

### **Organisering og samarbeidspartar**

Øygarden kommune har stått som hovudansvarleg for Øygards-piloten. Kystmuseet i Øygarden ("Museum Vest") har som formål å ta vare på og formidle den regionale kyst-kulturen i fortid og notid og har vore ein sentral samarbeidspart i arbeidet med Øygards-piloten.

I prosjektperioden har Kystmuseet i Øygarden knytt til seg ekstra fagkompetanse innan kulturbasert reiseliv.

Offentlege myndigheter som Hordaland Fylkeskommune, Riksantikvaren og Norsk Kulturminnefond har m.a. bidrige med økonomiske tilskott og midlar til delfinansiering av kulturminna.

Frå næringsliv har det vore samarbeidd med Statoil, Sparebanken Vest, og Blom Laks ("Øygarden Visningssenter").

Konstruktivt og godt samarbeid med private eigarar av kulturminna og frivillige som Øygarden Sogelag, Smieforeininga, Vestkystfestivalen har og vore viktige føresetnader for gjennomføringa av Øygards-piloten.

### **Resultat og verdiskaping**

Deltaking i verdiskapingsprosjektet PIN har gjeve grunnlag for å realisera fleire prosjekt som det elles ville ha tatt lang tid å få til. Det har vore av stor verdi å vera del av eit stort kulturminneprosjekt, spesielt samarbeidet og den gode kontakten som er etablert med dei tre kommunane i regionen, Riksantikvaren og aktuelle fagmiljø.

Prosjektet har gjort det mogeleg å formidla kystkulturen på ein betre og meir interessant måte. Mellom anna har etableringa av steinalderbuplassen gjeve alle skulane i regionen eit spanande klasserom med mogelegheit til å forstå og læra om vår første 8000 år gamle historie knytt til steinalderen i Noreg. Gjennom aktivitetar og formidling tilbyr museet skulane, men og andre som ynskjer det, ei spesiell oppleving.

På museet er det etablert eit amfi med scene som gjer det mogeleg å arrangera kulturdagar og konserter, t.d. gjennom samarbeidet med Vestkystfestivalen. Dette er både kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping.

Smia som no vert realisert, er eit resultat av lokale entusiastar sitt ynskje om å ta vare på og formidla kunnskapen om smiing. PIN gav mogelegheit til å realisera dette prosjektet.

Ved å setja kulturminna i stand, formidla og gjera dei tilgjengelege for innbyggjarane og for reiselivet, har ein fått auka interesse for verdien av å ta vare på kulturarven og slik sikra berekraftig bruk og vern av kulturminna.

Eit døme på verdiskaping i kjølvatnet av Øygardspiloten er at Kystmuseet har etablert ”Øygarden på langs” som eit tilbod til turistar: Busstur frå Bergen til Kystmuseet og påfølgjande tur til Hellesøy med båt til Hernar.

Kystmuseet har også etablert eit samarbeid med Øygarden Visningssenter (”Blom Laks”) med formidling av den historiske utviklinga frå gamal fiskekultur til dagens moderne oppdrettsindustri.

Ikkje minst auka reiselivssatsing og aktivitetar knytt til kulturminna og dei etablerte arenaene, vil kunne generera auka inntening for dei ulike aktørane i åra som kjem.

### **Konsekvensar for kulturminne og kulturarven**

Det vert ei hovudutfordring å forankra det breie omgrepet knytt til verdiskaping hos andre enn dei som har vore direkte involverte i prosjektet, slik at det får

større strategisk gjennomslagskraft i det vidare arbeidet. Kysteventyret som har vorte ein destinasjon for reiseliv i vår region har markert musea som ”fyrtårn” i si satsing (Jfr. Guideservice).

Kysteventyret vil verte ein sentral medspelar for korleis dette i framtida kan utviklast vidare og setja fokus på formidling av kulturminna og kulturarven gjennom aktivitetar knytt til dei restaurerte objekta.

### **Suksesshistorier**

For Øygarden er det svært viktig at det er sett fokus på kulturvern og kulturminne. Parallelt har det vore arbeida med reiseliv og marknadsføring av kommunen. Resultatet er at Kystmuseet har registrert ei auke av besøkjande i 2010.

Det er etablert ei ”produktpakke” knytt til Øygards-piloten gjennom etablering av steinalderbustaden. I tillegg er det sett opp smie, grindverksbygg og etablert tusenårs-staden på Kystmuseet gjennom eit flott steinamfi. Ikkje heilt fullførte prosjekt er Saltebua og Kverna. Desse vil seinare kunne komplementera nemde ”produktpakke” .

### **Utfordringar og tilrådingar**

Ein av dei største utfordringane for Øygardspiloten har vore at dei økonomiske føresetnadene og rammevilkåra har endra seg undervegs. Særleg har dette påvirkta fullføring av planlagde restaureringsprosjekt som saltebua. Dette er uheldig og har skapt unødig uro i prosjektet.

Forvaltning og verkemiddelsapparatet har ikkje fungert optimalt. For å nå fram med søknader, vert det krevd tilnærma ”spesialkompetanse”. Positive relasjonar mellom ulike formar for verdiskaping vert vanskeleggjort p.g.a. lang sakshandsaming og ein uheldig ”konkuransesituasjon” om tilskott ,t.d. frå Norsk Kulturminnefond.

Hordaland Fylkeskommune kunne gjerne ha spelt ei meir aktiv rolle ovanfor PIN enn kva tilfellet har vore. Initiativet tilbake i 2006 om å søkja medvirkning i VSP kom nettopp frå Hordaland Fylkeskommune.

Det viste seg tidleg i Øygards-piloten at lokalt engasjement og lokal forankring vart ei utfordring. Ei større involvering og deltaking frå frivillige lag og organisasjonar hadde vore ynskjeleg. Ein vil og tilrå at det i startfasen på slike prosjekt vert lagt større vekt på å etablera ein felles plattform m.o.t. arbeidsprosessar, rutinar, terminologi og mål.

### **Vegen vidare**

Parallelt med arbeidet med Perler i Nordsjøløypa har det også i samarbeid med Hordaland Fylkeskommune vorte utarbeida ein ”Plan for skjøtsel langs Nordsjøløypa”. Denne tar sjølvsagt utgangspunkt i dei delprosjekta som er knytt

til PIN, men har med seg andre kulturminne og status på dei langs Nordsjøløypa.

Øygarden kommune har planar om å lage ein eigen kommunedelplan for kulturminne i 2011 og temaet "kulturminne" er sett på dagsorden gjennom PIN i kulturplanen.

Erfaringar og skriftleg dokumentasjon frå PIN-prosjekta vil utgjere sentralt og viktig grunnlagsmateriale i det føreståande arbeidet med kulturminneplanen.

Øygarden kommune har ingen planar om å oppretta nye stillingar i samband med vidare arbeid knytt til utvikling av PIN. Museum Vest samarbeider med Hordaland fylkes-kommune om å realisera ein stilling som distriktskonservator i løpet av 2011. Denne stillinga vil kunne følgje opp nokre av PIN- prosjekta.

Vidareføring for Øygarden er at administrasjonen ved Kystmuseet og Øygarden kommune samkøyrrer det vidare arbeidet knytt til PIN og kulturminneplan. Eit av tiltaka administrasjonen vil leggja fram i samband med budsjett for 2011, er framlegg om avsetjing av kr. 100 000,- retta mot vedlikehald og drift av Øygarden sine PIN-prosjekt.

Når det gjeld konkrete planar om verdiskaping i forlenginga av PIN legg Øygardspiloten opp til å:

- gjera fleire attraksjonar og aktivitetar tilgjengeleg gjennom ein større del av sommarsesongen, men det vil og verte arbeidd med å utvikla produktpakkar som kan gje heilårseffekt
- auka fokus på lokale mattradisjonar – både hos produsentar og konsumentar
- auka reiselivsaktørane sin kunnskap om tilboda i heile regionen til å gjera bruk av desse i større grad enn i dag
- auka talet på overnattingsdøger camping/hytter med 15 % pr år – hovudsakeleg i for og ettersesongen.
- auka besøket på attraksjonane i med 10 % kvart år
- auka etterspurnaden etter aktivitetar med 5 % kvart år
- auka omsetnaden basert på lokale mattradisjonar i sommarsesongen dei første åra.
- medvirka til at ein får gode transportvillkår for turisme i Øygarden kommune gjennom samarbeid med t.d. "Fjordabåtane" og at det vert høve for å utvikla det prosjektet vidare i åra framover.

# Kaisess

## Mål

Kaisess skal driva prosessar for samskaping mellom kunstnarar og lokalsamfunn i vår region. Kaien er vald som møteplassen for aktivitetane både fysisk og symbolsk. Når menneske med ulik kompetanse og perspektiv får verka saman, kan nye sosiale og kultur-elle verdiar løysast ut. På dette viset kan den lokale historia aktualiseraast i samtida. Etter at prosessane er avslutta vert det gjennomført eit Kaisess kulturarrangement på den lokale kaien. Her vert resultata av prosessane synt fram i form av revitalisering og oppgradering av lokale kystkulturmiljø, gjennom nye kunst og kulturuttrykk.



*Gamalt lokalt handverk vert lert vekk. Her ser vi korleis nye unike lampar blir til i sam-skaping mellom kunstnarar og lokale ressurspersonar. Foto Tone Boska.*

## Prosess og metode

Å ta utgangspunkt i konkrete objekt, kan skapa dialog rundt det abstrakte og irrasjonelle. Kjensler om ein sjølv, eigen stad og historie utgjer eigen identitet. Når det er rom for dei personlege interesser og historier, og desse vert utgangspunktet for nye aktivitetar i lokalsamfunnsutviklinga, har ein skapt eit fundamentet som gjer at folk ønskjer å engasjera seg. For born og ungdom vil det vera viktig å få kjennskap og stoltheit til eigen stad, og gi dei ny erfaring om korleis ein kan delta i forma av sitt eige lokalsamfunn.

Kaisess som metode byggjer på desse elementa:

**Aktualisera** kulturminne og stader med utgangspunkt i den lokale historia:

- Gjera særsmerte kulturminne aktuelle for dagens ønskjer og behov. For å sikra at dei involverte kan sjå nye dimensjonar og kvalitetar i sin kultur nytta vi kunstnarleg kompetanse for å visualisera og synleggjera nye samanhengar og uvante perspektiv. Slik kan gamal historie, mytar eller forsteina sanningar transformeraast, bevegast og få ny verdi.

**Inkludera** - skapa breitt lokalt eigarskap er avgjerande for å sikra grunnlag for varig verdiskaping.

- Når ein blir sett og inkludert, då strekkjer ein seg lenger. Alle kan vera aktuelle kandidatar til ulike oppgåver. Miks av kompetanse er eit gode. Vi ønskjer å utvikla gode relasjonar for å skapa tryggleik for alle til å dela sin kunnskap.

**Inspirera** – tilføra eksterne ressursar, samhandle med profesjonelle kunstnarar for å bidra til at publikum får tilført eit ”utanfrå perspektiv” og for å sjå eigne ressursar i ein større samanheng. Dette handlar og om å tilføra kunstkompetanse for å visualisera og synleggjera særmerkte lokale kvalitetar

- Vi inspirerer gjennom visuelle eksempel og kunstnarlege uttrykk. Dette opna òg for samhandling på tvers av kompetansefelt. Å nyttja kunstnarar sin kompetanse til å presentera historia på ein ny måte kan gi den ny verdi. Eit ”must” og ein lovnad frå vår side er at dei kreative grepa som kunstnarane nyttar er tydeleg forankra i den aktuelle lokale kulturen.

Eit resultat av vellukka Kaisessprosessar skal kunne gje kompetanseheving: Å oppleva eigen kunnskap i relasjon til andre kan gi heilt nye idear. Ein vil gjennom prosessen òg erfara at i samskaping med andre, kan ein oppnå meir.

I 2009 vart Kaisess nytta som prosess og metode for utvikling av konseptet ”Dei på Gjerdet”. Dette vert skildra under Fjell kommune sin rapportdel om Gjerdet kulturminnegard.

### **Arrangement og resultat**

**Kaisess på Glesvær 2006.** Etter Kaisess på Glesvær 2006 dobla kafeen omsetninga si i fyrste vinterhalvåret, med i snitt 50%. Vi ser òg at kafeen har evna å samarbeida med nye interessante kulturaktørar og vokse i samband med dette. Glesvær kafe har vore ein god samarbeidspartner for Kaisess på Trellevik 2010. Glesvær kafe har òg engasjert seg sterkt i samband med etableringa av ”Kysteventyret” som er eit turisttilbod om ferie- og fritidsopplevelingar i Sotra/Øygarden.

**Kaisess på Liaskjæret 2007:** Liegruppen har uttalt dette:

*”Etter Kaisess er ei ny tidsrekning for oss. At dette kunne betydd så mykje kunne vi aldri drøymd om” .*

Etter Kaisess på Liaskjæret har bedrifta motteke fleire innovasjonsprisar i næringslivssamanheng, der Kaisess samarbeidet har vorte trekt fram som eksempel på deira innovative forretningsdrift. Kaisess på Liaskjæret vart nominert til den nasjonale kultur og næringslivsprisen 2009 i kategorien ”Gjensidig berikande verdiskaping”.

I 2008 vart ei masteravhandling om dette samarbeidet ferdigstilt av Therese Grønsberg og Ragnhild Hoel.: *"Kaisess på Liaskjæret- et eventyr? – Et unikt samarbeid mellom næringsliv, kunst og kultur og lokalbefolking"*.



*Flytande marknad på Glesvær, Kaisess.*

**Kaisess i Øygarden 2008** vart gjennomført i samarbeid med Kystmuseet og Tednebakkane omsorgssenter. Dette blei eit unikt kunstprosjekt som resulterte i særskilt gode og nye erfaringar mellom kunstnarar og omsorgssektoren. Samhandlinga mellom Kaisess og dagavdeling på Tednebakkane Omsorgssenter skapte innhald og tema for arrangementet på Kystmuseet i Øygarden. Erfaringane vart oppfatta som så verdfulle og interessante for alle partar at det no er beslutta av kommunen og Gode sirklar å inngå nye langsiktige samarbeid om Kaisessprosessar for utvikling av bl.a. Tednebakkane omsorgssenter. Dette startar våren 2011 og vil bl.a. bli fulgt av masterstudent i sosialantropologi ved NTNU. Museum Vest og Kystmuseet har i etterkant av Kaisess hatt samarbeid med skuleprosjekta i Gode sirklar.

**Kaisess i Trellevik 2010:** Trellevik kystkultursenter er eit unikt kulturminne i fantastiske omgjevnader på Tofterøy i Sund. Berre eit steinkast unna ligg den lokale skulen og her finn ein viktige ressurspersonar både i lærarstaben, foreldra

og ungane sjølv, som er, og har vore avgjerande for dei aktivitetane og vedlikehaldet som har vorte drive rundt dei fysiske kulturminna. Difor var det heilt naturleg å utvikla prosjektet i tett samhandling med skulen. Det vart gjennomført parallelle prosessar på skulen og på Trellevik Kystkultursenter.

Det vart eit mål å kopla Tofterøy barneskule til universitetet i Edinburgh ("College of Art"), og skapa samhandling mellom desse to utdanningsinstitusjonane. Der var ressursar gjennom "vestlendingar" som studerte skulptur og jobba med stadrelatert kunst. Det vart oppretta blogg og det vart gjennomført skypemøter på storskjerm mellom kunstnarane i Edinburgh og elevane på Tofterøy. Ungane snakka om sin kultur, tok bileter av gamle bygg og gjenstandar, folk dei var glad i, og anna dei var glad i. Det same gjorde kunstnarane. Ei spanande informasjonsutveksling skjedde via internett. Dette blei det film av som vart vist på loftet i det store naustet på Trellevik kystkultursenter på Kaisessarrangementet. Gjennom prosjektperioden vart det ført logg på alle aktivitetar, og desse vart testa mot kompetanse måla i kunnskapsløftet med oppsiktvekkjande gode resultat. Metodane nytta i Kaisessprosessane og kompetansen tilegna i prosjektet vert no nytta i den daglege undervisninga. I den grad det let seg gjera å driva undervisning i kulturminnet Trellevik kystkultursenter vert naustbygget ("Bygnaden") nytta. Etter Kaisessprosessane var gjennomført har Bygnaden blitt revitalisert og oppgradert innvendig og blitt ein inspirerande stad for ulike former for undervisning, samt andre tilstellingar. Samhandling med Edinburgh held fram og det er planlagt studietur for lærarane til Edinburgh i mai 2011.

### **Verdiskaping**

Konseptet Kaisess er grunnlagt på sosial og kulturell samhandling og aktivitetane som er gjennomførte er i seg sjølv døme på ulike formar for verdiskaping.

Gjennom ressursregnskapa ser ein tydeleg resultata av dugnadsånd og engasjement frå eit mangfold av interessegrupper, generasjonar og fagfelt. Kaisess har gjennom dei fire åra programmet har vart utløyst ein arbeidsinnsats til ein verdi av ca. 7 millionar kroner basert på involvering i samband med Kaisessprosessane og arrangementa. I tillegg kjem dei verdiane som vert skapte i etterkant og som ringverknader av prosjekta.

Det som oppstår av idear og nye visuelle objekt i løpet av prosessane i Kaisess, er transformasjonar med utgangspunkt i gamle defekte objekt eller gjenstandar som har mista sin funksjon i samtid. Når ein iscenesett desse gjenstandane og sett dei saman med lokale handverksteknikkar - som i nokre tilfeller òg har mista sin aktualitet - vert dette "råstoffet" for nye og nyttige ting. Kunnskap om notbøting og taufletting vert presentert i nye samanhengar. Det gamle er blitt kjernen og det meiningsberande i det nye. Dette støttar opp om miljømedvit og berekraftige nyskapingar.

## **Utfordringar**

Det usikre i å skulle henta pengar frå verkemiddelapparatet gjer at det vert vanskeleg å spissa prosjektet etter intensjonane. Det er ikkje lett å få kommunar, stiftingar, museum til å støtta og vera med på å finansiera eller planleggja kunstrelaterte prosjekter: ”Dei har så mykje anna dei treng pengar til”.

Ei anna utfordring med å basera seg på kommunal og statleg støtte er at prosjekta ikkje alltid kan drivast fram i eit ”naturleg” tempo. Vi kan ha starta og opparbeida mykje energi, men så vert tildelingane for små, prosessen stoppar og må startas på nytt.

Det å ”selja inn” kunstnarar som viktig kompetanse for utviklingsprosjekt, anten dette er opp mot kommersielle verksemder eller kommunar krev stor innsats og uthaldenheit. No er både Kaisess og Luftskipet godt kjende prosjekt i regionen og treng ikkje forklarast i den grad som før. I tillegg er det skapt mykje dokumentasjon som kan skildra kva prosjekta går ut på og korleis dei kan fungera. Men dette sikrar ikkje at andre som kjem etter ikkje vil møta dei same utfordringane.

Det at kommersielle bedrifter skal驱driva samhandling med kunst og kulturprosjekt opplever vi enno blir oppfatta som risikoinvestering. For at kunst og kulturnæringer i større grad skal kunne utvikle positive relasjoner med kommersielle verksemder må det utviklast ny forståing og kompetanse hjå begge partar. Det krevs ein auka bestillar-kompetanse hjå dei kommersielle næringslivet og ein auke i leveringskompetanse hjå kunst- og kulturaktørar. Vi må erkjenna at det må nyttast openheit, tid og ressursar for å utvikla nye samhandlingsformer på dette feltet. Det unike ved Kaisesskonseptet er nettopp at ein engasjerar og motiverar til samhandling over ein brei front om eit minste felles multiplum: den lokale identiteten.

## **Tilrådingar og vegen vidare**

Kaisess viser korleis ein kan byggja prosjekt ”innanfrå”. Ved å basera prosjekt og prosessar på lokale interesser og verdiar, som aktørane har eit nær forhold til, vil ein sikra varige og positiv endring rundt kulturminna. Profesjonelle kunstnarar og designarar vil gjennom konseptet Kaisess kunne bidra med viktig kompetanse i lokalsamfunnsutvikling. Slik kan kulturminne framstå i eit nytt lys t.d. med at folk oppdagar det estetiske i eit kvardagsleg fiskereisskap, fartøy, objekt eller ei lokal historie.

I Verdiskapingsplanen for Kaisess er mål og visjonar for vidareføring av delprosjektet definert slik:

*”Skapa felles identitet i eit lokalsamfunn på tvers av generasjonar og interessegrupper. Samarbeide med bedrifter, lokale lag og organisasjonar eller institusjonar på staden. Auka kunnskap om gamle og nye kunst og kulturtradisjonar, grunnlag for ny attraktivitet og engasjement hjå dei involverte”.*

Kaisess skal bidra til heilskapleg stadutvikling og auka samhandling på tvers av interesse-grupper og fagfelt. Kaisess skal aktivisera fysiske og menneskelege ressursar ein finn på stader, i bedrifter, institusjonar og lokale lag og få desse til å jobba saman om felles mål og satsingar.

## **Luftskipet - ein mobil kunstarena**

### **Mål**

Luftskipet skal vere eit annleis prosjekt i Perler i Nordsjøløypa: Ein kulturell og kunstnerisk møtestad. Galleriet er moderne og skal stå i kontrast til kulturminna. Den økonomiske, sosiale og kulturelle verdiskapinga skal skje gjennom ”opplysande opplevingar”.



*Luftskipet blir døypt av Einar Kvitrafn frå bandet Wardruna og Egil Sæle, frå Guide-service. Publikum strøymer til Luftskipet på Gjerdet kulturminnegard.*

### **Organisering og arbeidsmetodikk**

Luftskipet er eigd av næringsutviklingselskapet Gode Sirklar AS. Mykje av tida i VSP programmet har gått med til å utvikle ein berekraftig verdiskapingsplan for berekraftig drift av Luftskipet. Samhandliga har i dei seks månadene prosjektet har vore i drift, vore knytt Museum Vest, Gjerdet kulturminnegard, Vestlandsforteljingar, Kysteventyret, Liegruppen og Kunsthøgskolen i Bergen. Prosjektleiinga har vore knytt til ein 50 % stillingsressurs. Utover møteverksemd, prosjektutvikling og gjennomføring, har arbeidet vore å forankra prosjektet i forskjellige miljø.

Samarbeidspartnarar: Luftskipet har gjennom Gode Sirklar etablert dialog med Museum Vest, Liegruppen, Vest Næringsråd, Kysteventyret og kommuneadministrasjonen i de tre kommunane. Norsk kulturråd, Koro og Hordaland Fylkeskommune har anerkjend produksjonane og produsentkompetansen til Luftskipet, gjennom direkte tilskot. Fleire kunst- og kulturinstitusjonar i Bergen ønskjer samhandling med Luftskipet i åra som

kjem. Luftskipet vil i løpet av 2011 bli ein aktiv produsent for den kulturelle skulesekken (DKS). I Region Vest skal nye tettstader utviklast. Det er behov for ein utstillingsarena og ein møteplass der utviklingsprosjekta vert formidla og diskutert. Her tenkjer vi Luftskipet som inspirasjon til nytenking i forhold til arkitektur, miljø og prosessar. Luftskipet som eit visualiseringsverktøy for utvikling.

### **Resultat og verdiskaping:**

Miljømessig og sosialt: Kommunane Sund, Fjell og Øygarden har fått sin første og einaste interkommunale kunstarena. Ingen av dei tre kommunane har kulturhus.

Med si arkitektoniske form og kunstnariske profil er Luftskipet unikt. Kulturminne og samtidskunst har tidligare møtt kvarandre blant anna gjennom prosjektet "Museale forstyrrelser". Her inviterer Norsk kulturråd til refleksjon rundt historie, kulturarv og kulturarvinstitusjonar ved å la samtidskunstnarar jobbe fram kunstprosjekt ved kultur-historiske museum. Luftskipet er eit langsiktig og integrert prosjekt gjennom nærings-utviklingselskapet Gode Sirklar. Satsinga på denne type prosjekt handlar om å ønskje ny kunnskap om metodar for formidling. Spektakulære og alternative prosjekt gir også auka merksemd i lokal, nasjonal og internasjonal presse.



*Utstillingen "Biblioteket" av Woojung Chun. (Korea). Kuratert av James Putnam. Produsert av Gitte Sætre. Foto: Gaute Hatlem*

Kulturelt: Merksemda prosjektet har fått er med på å skape stadtidentitet. Luftskipet gjer regionen synlegare og stolte over å ha sitt eige kunst og kulturprosjekt. Prosjektet har sidan det opna i mai 2010 vore besøkt av 800 menneske. I forhold til verdiskapings-programmet har prosjektet introdusert kreative måtar å formidle den lokale historia på. Ein møteplass som inviterer til samhandling, nye opplevingar og ein ny vitalitet.

Økonomisk: Luftskipet er støtta av Riksantikvaren, Hordaland Fylkeskommune, Fjell kommune, Norsk kulturråd, Koro og Liegruppen Billettinntektene har ikkje vore store så langt, grunna seks månadar drift. Plan for inntening er omtala i verdiskapingsplan/ forretningsplan til prosjektet. Berre dei som samarbeider med Luftskipet (t.d.Museum Vest) vil kunne få ein økonomisk meirverdi gjennom kunnskapsproduksjon - det å kunne tilby publikum nye opplevingar, mediamerksem og fleire besøkjande.

### Ei suksesshistorie

Du er på Sotra. Namnet er eit 3000 år gammalt nordisk ord som betyr å ”syde eller koke”. Namnet peikar nok på dei voldsomme sjøforholda. I dag er det mest aktivitet midt på øya, der handelssentra ligg. Den historiske kulturarven må du leite litt meir etter. Medan du køyrer rundt i kulturlandskapet treff du på eit Luftskip! Kva i all verda er dette for noko? Det er søndag 23 .mai, og det mobile galleriet ”Luftskipet” har endeleg landa ved sitt første kulturminne, Gjerdet kulturminnegard. Du går inn i skipet og møter eit spesielt bibliotek som gjennom ein kunstinstallasjon fortel om mennesket si ”higen” etter å forstå verda rundt seg. Du kan samstundes besøkje det tyske festningsanlegget frå krigens dagar som ligg like ved. Opplevinga synleggjer utviklinga som har funne stad på staden etter siste verdskrigen. Her kan du oppleva Luftskipet som eit rom der du kan sansa og reflektera over ei sterk historie. Utstillingen bidreg også til å sjå samanhengar mellom hendigar i fortid, notid og framtid.

På heimesida til Luftskipet kan du m.a. lesa:

*”Eit laboratorium” for samfunnsspørsmål, tankar om lokal identitet og globale saman-hengar. Ein retning i prosjektprogrammet inviterer til samarbeid om framtidia. Arenaen skal fungere både sjølvstendig og som ein integrert del av fellesprosjektet ”Perler i Nordsjøløypa”.*

Vidare står det at Luftskipet er ein arena som opererer utanfor dei etablerte kunst og kultursentra i Noreg. Intensjonen er å ta kunsten ut av sine vante rammer og presentere miljøa for eksperimentelle kunstuttrykk på ein engasjerande og inkluderande måte. Diskutere fortid, notid og framtid gjennom kunstutstillingar, små teaterproduksjonar/performanse og andre pakkeprodukt utvikla saman med dei andre delprosjekta.

## **Erfaringar og tilrådingar**

Dei ulike PIN-prosjekta har medverka til mangfald i kulturtilboda i dei tre kommunane.

Luftskipet jobbar aktivt med den delen av Verdiskapingsprogrammet som handlar om å skape aktivitet rundt kulturminna. Vår erfaring er at kunstprosjekt basert på eit historisk materiale treffer tida vi lever i. Vi har erfart at møte mellom historie og samtidskunst resulterer i utstillingar som inviterer publikum til eigen refleksjon. Kunstudstillingane som har fleire inngangar/nivå til lesing, kombinert med målgruppedefinerte formidlings-pakkar, er opplevelingar folk vil ha. Erfaringa er også at nye og annleis prosjekt tar tid. Vi må tenkja langsiktig i forhold til lokalmiljøet si forståing av prosjektet. Luftskipet sin infrastruktur er økonomisk, miljømessig og kulturelt berekraftig idet prosjektet vert tatt i bruk.

## **Vegen vidare**

Gjennom har ein bygd ei prosjektgruppe som ønskjer å fortsetje å arrangere prosjekt kvar for seg og saman. Stikkord er kontinuitet m.o.t. aktivitetar, inngåing av samarbeids-avtalar og bygge opp ein meir føreseieleg økonomi.

Konkret er dette omtala slik i verdiskapingsplanen for Luftskipet: Luftskipet planlegg 2-3 kunstudstillingar i året. Luftskipet har intensjonsavtaler med Fjell, Sund og Øygarden kommune for leige av utstillingar til selv kost. Utstillingene vil variere i størrelse og omfang.

Luftskipet planlegg å ha 1 til 2 samarbeid i året med næringslivet og kan fungera som eit profileringsverktøy for det lokale næringslivet. Sidan Luftskipet er eit mobilt byggverk kan desse arrangementa gjennomførast på ulike stader. Det vil være mogeleg å leiga Luftskipet gjennom "ad-hoc" avtalar for eventer, konferanser og møter.

Utvalde langsiktige og kortsiktige sponsoravtaler mot "diskré" annonsering gjennom prosjektets eigne annonserings- og marknadsføringskanalar kan bli aktuelt. Luftskipet vil tilby omvisning med kvalifiserte guidar og forelesare, m.a. i tett samarbeid med Kysteventyret og Guideservice.

Ein mobil arena som kan monterast på nokre få dagar vil dessutan kunne vera interessant å nytta av ulike institusjonar. Døme på slike samarbeid kan være: VilVite-senteret, DesignRegionBergen, Kunsthøgskolen, Arkitekthøgskolen, Forskningsdagane ("UIB"), Museum Vest m.fl.

## **Guideservice**

### **Mål**

Guideservice sitt overordna mål har vore kompetanseheving i turist- og opplevingsmarknaden. Guideservice har tilbydd opplæring i å formidla kunnskap om den lokale kulturarven. Dette har ein oppnådd ved å utvikla og


setja i gang eit guidekurs. Guideservice sine målgrupper har vore små og store turistbedrifter, lokale transport-selskap, museumsvertar, turlagsmedlemmar, tilsette på kommunale servicekontor og kulturhistorisk interesserte privatpersonar.

Guideservice har i sitt arbeid lagt vekt på særprega i kulturmiljøet og landskapet for regionen. Emnevalet i kurskompendiet og for guidekurset som Guideservice har utarbeida i prosjektperioden kjem til uttrykk her.

### **Organisering og finansiering**

Arbeidet med å utvikla Guideservice-prosjektet er utført av ei arbeidsgruppe under leiing av delprosjektleiar Margrethe Kallestad frå Museum Vest ("Nordsjøfartmuseet"). Arbeidsgruppa har vore samansett av fire personar frå Museum Vest og ein frå det interkommunale næringsselskapet Gode Sirklar AS: Jenny Heggvik ("Museum Vest /Nordsjøfartmuseet"), Vigleik R. Mathisen ("Museum Vest/ Kystmuseet"), Ole-Jacob Abraham ("Museum Vest/ Fjell Festning") og Line Steinsland ("Gode Sirklar AS").

Finansiering av Guideservice sine aktivitetar har vore mogeleg med midlar frå Riks-antikvaren, Hordaland Fylkeskommune, dei tre kommunane i regionen og det lokale næringslivet. Deltakarane på guidekurset har óg betalt ein eigendel.



### **Prosjektprosessen**

Guideservice starta med innsamlingsarbeid av historier og forteljingar frå lokalmiljøet. I den første fasen samarbeida prosjektet med ein lokal forfattar, men sidan har delprosjekt-leiar ført dei innsamla historiene i pennen. Historier er innsamla frå møter med kultur-minne- og sogelag, lokale teaterlag, bebuarar på eldresenter, og intervju med privatpersonar knytt til kulturminna i prosjektet. Guideservice har vore synleg med guiding og historieforteljing ved ulike

arrangement i prosjektperioden. Bidrag til kultur-minneåret 2009 ("digitaltfortalt.no") med innsamla materiale som grunnlag, har og blitt utført.

Guideservice har utarbeidd guidekurskompendiet ("Vandring i vest") med artiklar innan emna natur, kultur og samfunn. Dei innsamla historiene frå lokalsamfunnet kjem til uttrykk i kurskompendiet. Forfattarane har ein henta frå ulike fagmiljø, m.a. frå universitetsmiljø, kommuneadministrasjonane og ulike avdelingar i Museum Vest.

Guideservice sine resultat byggjer på god samhandling i arbeidsgruppa. Guideservice har og hatt nært samarbeid med fleire av dei andre delprosjekta i PIN i prosjektperioden.

Konkret kan ein syna til 28 guidar som har gjennomført eit guidekurs som er gjennomført i regi av Guideservice. Deltakarar på guidekurset representerte både det offentlege og næringsliv.

Næringslivet har og vore representert med forelesarane på guidekurset, men i hovudsak har museumssektoren vore det kompetansemiljøet som Guideservice har nytta mest.

Alle kulturminna som ein i Guideservice har oppsøkt har vore tilgjengelege frå eigarane si side, og lokale frivillige har formidla historia og historier kring desse.



### **Resultat og verdiskaping**

Guideservice har fokusert på landskapet i høve til kulturminna, og sett det i samanheng med lokal identitet. Guidekurset har hatt geologi, naturgeografi og flora på pensumlista. Fugleliv og fiske har også vore sentrale emne. Guideservice har arrangert turar i Nordsjø-løypa både for kursdeltakarar og for andre interesserte. Delar av det praktiske opplegget på kurset har føregått i Nordsjøløypa med geolog, naturgeograf, fugle- og flora- entusiastar.

Det Guideservice har utretta har vore med på å auka sjølvkjensla til dei som har delteke aktivt, og blant innbyggjarane generelt i regionen. Møte med ulike personar med kompetanse frå ulike fagmiljø, har i opplæringsfasen auka interessa for lokalkulturen og gjeve guidane tryggleik i formidlarrolla. Reportasjar og artiklar i lokal presse har fokusert på det felles kulturgrunnlaget på tvers av kommunegrensene, og dette har skapt auka samkjensle i regionen.

Prosjektet Vestlandsforteljingar er eit døme på utvikling og vidareføring av Guide-service til konkrete turisttilbod der små og store næringslivsaktørar deltek. Museum Vest med sine tre avdelingar er også sentrale aktørar i prosjektet.

Representantar frå kursdeltakarane, samt representantar frå Museum Vest som har vore med å arbeida fram guidekurset, er engasjerte som forteljarar i

Vestlandsforteljingar. Ein ser føre seg at Vestlandsforteljingar skal bli eit varig turisttilbod i regionen etter prosjektperioden for VSP avsluttast i 2010.

Om ein lukkast kan dette vera eit produkt som kan femna om heile Hordaland fylke. ”Vestlandsforteljingar” har vore eit prisa produkt og inntektene frå arrangementa har gått til aktørane.

Opprettinga av turistbedrifa i Telavåg som tilbyr Havørnsafari, er eit anna døme der ein brukar eit kulturminne innlemma i Perler i Nordsjøløypa, samt kompetansen frå Guide-service sitt guidekurs. Dette er blitt eit pakketilbod for ulike kundegrupper. Selstøbuene som det her gjeld, er eit unikt kulturminne fordi det var noko av det einaste som stod att etter terrorhandlinga i bygda i 1942.

### **Konsekvensar for kulturminne og kulturarven**

Sotra og Øygarden med sine store og små øyer, har ei svært lang kyststripe. Regionen har fram til etterkrigstida vore eit samfunn der livsgrunnlaget i hovudvekt har vore fiske ofte kombinert med drift av eit småbruk. Mange av kulturminna er knytt til sjøen. Samfunnet har fram til i dag opplevd store endring i levesettet. Bygningar knytt til jordbruk og fiske står mange stad然 ubrukte. Det er sett søkjelys på desse kulturminna gjennom restau-rering, og med dette vil ein ta vare på denne delen av vår lokale kulturarv for framtida. Ved formidling av historia, saman med utøving av lokale handverk- og mattradisjonar ynskjer ein å setja fokus på kulturminna på ein ny og spanande måte. Kulturminna er tekne i bruk i formidlinga ved museum, og små verksemder har turisttilbod der kultur-minne inngår i totalopplevelingen. Kunst er brukt som eit element både gjennom opplevin-gar og i utvikling av handverksprodukt knytt til kulturminna. Kunstudtrykka i prosjektet har hatt som grunnhaldning å byggja på det tradisjonelle, og dette er blitt presentert på ein ny måte som får ein til å sjå på kulturarven med nye øye.

Arbeidet med Guideservice har vist at det har vore lettare å skapa interesse og entusias-me kring den lokale kulturarven enn forventa.

### **Ei suksesshistorie**

Egil Sæle var ein av deltakarane på Guideservice sitt guidekurs. Han er utdanna lærar, og ynskjer å byggja opp ei turistverksemd med utgangspunkt i den gamle Adnestova som han eig. Hagen rundt eigedomen og eit nedlagt butikklokale er ugangspunktet for m.a. turisttilbodet Vestlandsforteljingar: Adnestova – heimen til fiskarbonden. Egil er forteljaren i Adnestova, og med sine historiekunnskapar og evne til å formidla er han også forteljaren på ei anna av i alt sju Vestlandsforteljingar: Hernar - ein utpost til Nordsjøen.

Egil Sæle var også i aksjon som skodespelar og folkesongar då Luftskipet i PIN vart høgtidleg opna med dåp (Jfr.Luftskipet). Dette arrangementet signaliserte

på ein treffande måte korleis ein kan ta i bruk gamle tradisjonar når ein skal formidla moderne kunst.



### **Utfordringar og tilrådingar**

Guideservice stod utan noko form for prosjektmidlar i prosjektet si fyrste fase. Del-prosjektleiar og arbeidsgruppa sin arbeidsinnsats var det einaste som skapte verdiar til prosjektet det første prosjektåret i PIN.

Musea har med erfaringar frå arbeidet i og med Guideservice opparbeida ein kompetanse som bør utnyttast ved mogelege framtidige guidekurs.

Arbeidet med Guideservice har og vist at mange av kulturminna langs kysten er i ein kritisk fase, og om det ikkje kjem midlar som monnar i nærmeste framtid kan mange vera tapt for alltid. Ikkje minst kulturminnemyndighetene må sjå alvoret i situasjonen og bidra til at denne delen av kulturarven ikkje forvirrar heilt.

### **Vegen vidare**

Arbeidet som er gjort i Guideservice kan vidareførast ved at ein i Museum Vest sine framtidige planar vil søkja om midlar til å gjennomføra nye guidekurs med

jamne mellomrom. Turistprosjektet ”Kysteventyret” i regionen må i si vidare planlegging ta sikte på å vera kontaktledd for dei utlærte guidane, og gjera bruk av dei når ”turist-pakkar” skal utviklast.

Det er stor vilje frå fleire hald til at arbeidet med Guideservice skal førast vidare i dei eksisterande institusjonane som prosjektet har vore forankra i: Museum Vest må leggja til rette for ressursbruk for å få gjennomført guidekurs, og Kysteventyret må ta med formidling av guideoppdrag i sine planar for framtida.

Ein meir detaljert omtale av mogeleg vidareføring av Guideservice-konseptet er gjeve i verdiskapingsplanen for prosjektet:

Guideservice skal skapa ei heilskapleg guideteneste i regionen/destinasjonen Sotra og Øygarden. Etableringa skal formidla guidetenester, driva med rekruttering og guide-utdanning. Denne forretningsideen fokuserer på guidar som opererer ute i naturen, anten det er i ei naturløype eller i båt. Bussguiding og guiding på ulike stadar har ein og som mål å gjennomføra. Guiding vil ein i startfasen tilby på norsk, men på sikt vil ein gje tenestene på fleire språk.

Guidetenesta skal auka interessa for kulturminna i regionen, og gje verdiskaping for andre aktørar i kultur- og turistbransjen. Guideservice tek sikte på å halda eit høgt kompetansenivå på all formidling som vert gjeven av guidar knytt til dette føretaket. Ein vil tilby lokale guidetenester på Sotra og i Øygarden for turistar, bedriftsmarknaden, skuleelevar og lokalsamfunn. Tenesta vert ytt av personar, som er nært knytt til området, med lokale kunnskapar og kompetanse i historieforteljing.

Det er eit mål at ein innan 2013 kan ha ein 50 % stilling innan formidling av guide-tenester i området og at guideoppdrag samla utgjer eit årsverk i den selskapsforma som guidetenesta vert organisert i.

## Sentrale erfaringar og tilrådingar

Erfaringsrapportane syner at særtrekk ved PIN er breidde og mangfold i oppgåver for dei seks delprosjekta. Dette er i seg sjølv ei utfording m.o.t. å utnytte felles ressurser effektivt mellom delprosjekta og styrke samhandling og erfaringsdeling. PIN- prosjektet har i tillegg dei siste par åra opplevd at finansieringa frå offentlege støtteordningar har blitt vanskelegare og tappa knappe ressurser unødig gjennom byråkrati, heller rigide kriterier og lite transparente tildelingsprosessar. Kulturminnearbeidet ville utan tvil ha vore tent med å nytta ressurser meir direkte mot hovudmåla og unngått drenering av tid og pengar på repetitive og ikkje alltid like føreseielege søknadsrunder.

Det verkar og som om kriterier, føresetnader og rammevilkår for å oppnå økonomisk støtte frå verkemiddelsapparatet har endra seg i negativ retning. Unntaka for PIN har vore RA og til dels Norsk Kulturråd sjølv om og tilsegnar frå den kanten hadde vore ynskjeleg å få til utbetaling raskare.

I tillegg må nemnast verdfulle bidrag frå næringsliv og ”sponsorar” til fleire av delprosjekta i PIN. Det er likevel vår oppfatning at potensialet her er vesentleg større enn det PIN-prosjektet har hatt ressursar til å følgje opp.

Innsats, medverknad og dugnadsvilje frå friviljuge organisasjonar og einskildpersonar har og vore viktig bidrag og sikra så vel kontinuitet som gjennomføringsevne for PIN-prosjekta i heile VSP-perioden.

Derimot har andre sentrale forvaltarar av offentlege tilskotsordningar i noko mindre grad følgd opp forhold slik ein kunne forventa ut frå prosjektskildringa. Det kan verke som om restaureringsarbeidet i PIN knytt til kulturminna i regionen er underfordelt frå statlege organ som gjev tilskot til bevaring av kulturminne og -miljø og kan jamvel gje inntrykk av at kystkulturen er kraftig underrepresentert .

Det skjer trass i at Riksantikvaren ved fleire høve har uttrykt bekymring for at kulturhistoriske trebygningar som naust, sjøhus og småbruk langs Vestlandskysten er særleg truga i eit fuktig og klimaendra miljø:

*”Det hastar med å trappa opp vedlikehaldsarbeidet no”* uttalar riksantikvar Jørn Holme t.d. i avis Bergens Tidende frå 29.september 2010.

Frå vår ståstad i PIN ser det førebels ikkje ut til at desse tydelege signala har nådd fram til, eller er tydeleg kommunisert til relevante beslutningstakrar med ansvar for tildeling av økonomiske midlar til bruk i kulturminnevernet.

På den andre sida kan det ha verka meir ønskjeleg enn realistisk å driva kulturminnearbeidet i VSP med ”pengar på bok” til ei kvar tid for slik å sikra fremdrift og gjennomføringskraft. PIN har såleis løyst likviditetsutfordringane i PIN-arbeidet gjennom velviljig forskottering via eigarkommunane og med omdisponeringar i budsjettet for Gode Sirklar AS.

Såleis er det vår oppfatning at :

- Riksantikvaren har bidrige som forventa økonomisk
- Nokre av dei andre offentlege programinstitusjonane har bidrige mindre økonomisk enn ein realistisk kunne venta seg
- Eigarkommunane har bidrige til å nøytraliser likviditetsutfordringar
- Lokalt næringsliv har gjeve økonomisk støtte, men denne relasjonen bør styrkast i vidareføringa
- Det er lagt omfattande innsats frå friviljuge inn i PIN-prosjekta.

Desse observasjonane ligg til grunn for følgjande gjennomgående og overordna tilrådingar om liknande program skal vurderast for oppstart i framtida:

- Det er naudsynt at rammevilkår og vedtekne føresetnader ikkje vert endra utan at dette vert drøfta mellom partane
- Det må sikrast ei økonomisk og forpliktande grunnfinansiering for heile program-perioden
- Tildelingsprosessar og kriterier bør avbyråkratiserast og tilpassast ulike og definerte behov
- Restaureringsprosjekt for kulturminne og bygnader i tre langs Vestlandskysten vil som hovudregel vere særleg kostnadskrevjande og løyvingar må avspegle dette
- Sikre profesjonell prosjektleiing og medverknad av relevant fagkompetanse på alle nivå
- Tydelege og tilstrekkeleg dedikerte og ansvarlege personalressursar for å sikre kontinuitet og langsiktigkeit i prosjekta
- Vidareutvikle erfaringsdeling og ressursutnytting på tvers av og mellom alle aktørane i prosjekta.

## Referansedokument

- ”Verdiskapingspiloten Perler i Nordsjøløypa-revidert plan” (Søknad 2006)
- Fjell Kommune ”Kulturplan 2007 – 2010”  
[http://www2.fjell.kommune.no/Om\\_Fjell/Planar/](http://www2.fjell.kommune.no/Om_Fjell/Planar/)
- Utdrag frå ”Handlingsprogram 2011-2014” Fjell Kommune (2010)
- KS-sak : ”Gjerdet kulturminnegard - vegen vidare” (2009)
- ”Verdiskapingsplanar” for delprosjekta i PIN (2010)
- ”Plan for skjøtsel, bruk og formidling av kulturminne langs Nordsjøløypa i kommunane Sund, Fjell og Øygarden” (HFK 2009)
- ”Kaisess på Liaskjæret- et eventyr? – Et unikt samarbeid mellom næringsliv, kunst og kultur og lokalbefolking.” Therese Grønsberg og Ragnhild Hoel (2008)
- ”Reiselivsstrategi for Hordaland 2009-2015” (HFK 2008)



Bakgrunnen for Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet er Regjeringens ønske om å satse på utvikling av lokalsamfunn og næringsvirksomhet med utgangspunkt i kulturminner og kulturmiljøer.

Verdiskapingsprogrammet har hatt tre hovedmål:

- Bruke kulturarven til beste for befolkning, næringsliv, lokalsamfunn og regioner
- Ta bedre vare på kulturarven.
- Utvikle og spre kunnskap om kulturarven som ressurs.

De elleve prosjektene som ble plukket ut er forskjellige når det gjelder både organisering og innhold. Pilotprosjektene ble valgt for å framskaffe gode eksempler på hvordan kulturminner og kulturmiljøer kan bidra til sosial, kulturell og økonomisk utvikling.

Verdiskapingsprogrammet avsluttes i 2010. Alle pilotprosjekter lager sine egne sluttrapporter. Riksantikvaren vil avgjøre sin rapport til Miljøverndepartementet i mars 2011.